

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 217	17/1375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
64/2017	Formannskapet	PS	31.05.2017
	Kommunestyret	PS	

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning - revisjon

Vedlegg:

Reglement for Finansforvaltning Meland kommune 14.06.2017

Nye regler for kortsiktige lån i kommunene - pressemelding regjeringen 30.11.2016

finansforskriften ny fra 1.1.2017-med-spor-endringer-fra-gjeldende-forskrift

Skriv 15.11.2016 KMD - Endr. i forskrift om Finansforvaltning

Saksopplysningar:

Vurdering

Reglementet for finansforvaltning vart revidert siste gang i sak 38/2015 i kommunestyret 6. mai 2015.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet fastsette 2. november 2016 ei endring i forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning. Forskrifta regulerer plassering av ledig likviditet og forvaltning av gjeldsporteføljen etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27. I den oppdaterte forskriften er det fastsatt tre endringar:

- Reglementet og rutinane skal omfatte kommunen sin refinansieringsrisiko ved opptak av lån (§§ 3 og 8).
- I rapporteringa frå administrasjonen til kommunestyret skal det spesifikt opplyst om verdien av lån som har forfall og må refinansierast innan 12 månader (§ 7).
- Det vert gjennomgåande brukt omgrepet finans- og gjeldsforvaltning snarare enn bare finansforvaltning.
- Mindre rettingar i diverse ord og uttrykk i forskrifta.

Endringane trer i kraft 1. januar 2017

Vedlagt følgjer pressemelding og skriv om endringane, samt kopi av ny forskrift der endringane er utheva.

Basert på endringane i forskriften legg rådmannen fram framlegg til endring i reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Meland kommune. I framlegget er endringane i forhold til gjeldande reglement markerte med gult. I tillegg til endringar som følge av ny forskrift er det gjort nokre mindre endringar i rammene for plassering av ledig likviditet. Desse er å betrakte som mindre justeringar for

betre å tilpasse reglementet til aktuelle produkt for pengeplassering, men då utan at det vert opna for auka risiko knytt til slike plasseringar.

Følgjande endringar er gjort:

1. Finansreglement gjennomgåande endra til reglement for finans- og gjeldsforvaltning.
2. I kap. 1 om virkeområdet er refinansieringsrisiko omtalt.
3. I kap. 2.1 er det vist til oppdatert forskrift gjeldande frå 1. jan 2017.
4. I kap. 6 er ramma for trekkrettar heva frå kr 15 mill. til kr 25. mill.
Det er for tida ikkje trong for trekkrettar, derfor lite aktuelt no. Men skal ein først tillate bruk av trekkrettar, bør denne vere høgare enn dagens grense.
5. Endra grenseverdiar i pkt. 6.1:
 - a. Auka tidsbinding ved innskot i bank frå 6 mnd til 12 mnd.
Dette for å kunne oppnå betre avkastning på innskot.
 - b. Grense for einskildinnskot med tidsbinding auka frå kr 10 mill. til kr 20 mill.
Med dagens likvidbehaldning på opp mot kr 200 mill. representerer avgrensinga på kr 10 mill. at eventuelle langsigte innskot krev unødvendige oppdelingar utan at det påverkar risiko.
6. Endra grenseverdiar i pkt. 6.2:
 - c. I pkt. 6.2.f.: ikkje plasserast meir enn 40 mill. kr i eit enkelt pengemarknadsfond. Auka frå kr 20 mill.
 - d. I pkt. 6.2.g: gjennomsnittleg løpetid for kreditten i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 18 mnd. Auka frå 12 mnd.
7. Endra grenseverdiar i pkt. 6.3:
 - e. Ingen enkeltplassering i renteberande papir kan utgjere meir enn 20 mill. kr. Auka frå kr 10 mill.
8. Punkt 7 b) tatt ut. Står at kommunestyret skal fatte vedtak om lånets nedbetalingstid.
Punktet kom med i førre reglement ved ein feil, og er i direkte konflikt med siste avsnitt i pkt. 7 som gir rådmannen fullmakt til refinansieringar for å halde låneporereføljen innanfor avgrensingane i pkt. 7.5.
9. Ny setning i pkt. 7.6.a:
Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunen si samla låneporerefølje.
Teke med for å avgrense refinansieringsrisiko i låneporereføljen.
10. Ny setning i pkt. 7.7:
Verdien av lån som har forfall og som må refinansierast innanfor ein 12 månaders periode.
For å oppfylle krav i den nye forskrifa.
11. Pkt. 8.5, risikoklasse C: Tatt ut følgjande tekst:
Fondsobligasjonar og annen hybridkapital utstedt av norske banker og sparebanker.
Teke ut fordi det ikkje aktuelt å investere i denne type papir.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til nytt reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Meland kommune

Formannskapet - 64/2017

FS - behandling:

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til nytt reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Meland kommune.